

Tilbakemelding til NVE vedrørende Giengedal Kraft fra grunneigarane i Gjengedal, gardsnummer 19 i Gloppen kommune.

Vi er positive til utbyggingsplanane generelt og vonar det no kjem til ei løysing der vi kan få nytte ein ressurs vi har til alle og samfunnet sitt beste.

Vi meiner at utbygginga vil vera positiv og framtidsretta med tanke på utvikling i dalen heilt frå fjorden og opp. Meiner også det vil ha mykje å sei for framtidig busetjing i Gjengedalen og for at nye generasjonar skal overta gardsbruka og driva kulturlandskapet vidare.

I tillegg til denne generelle tilbakemeldinga har vi nokre konkrete tilbakemeldingar vi legg vekt på:

Massane som kjem frå tuneldrivinga må sjåast på som ein ressurs for oss i Gjengedalen. Vi ynskjer å ha tilgang til massene som vert liggande i deponi for framtidig bygging , vegar, tomter, grøfter osv., samt vedlikehald av gamle og nye tiltak som desse.

Det må i samband med utbygginga forelast og knusast opp masser som kan nyttast til vedlikehald vegar, grøfter mm (pukk, singel og veggrus).

Tunnelmassane må forbeholdast grunneigarane og må tilkøyrrast av utbyggjar til tenelege formål på innmark og utmark. Grunneigarane må og ha tilgang til å bruke tippmassane som er lagra.

Bygging av ny kraftlinje må ikkje gje auka innmatingskostnader for småkraftverka i Hyen.

Vegen i Gjengedalsgjølet må utbetrast og vegen ved Dalheim må rustas opp.

Bygging av 2,5 km med skogsbilveg frå Aa-støylsbrua til vegen i Mjellemssmarka.

Terskel/utløp i Dalevatnet må byggast som bru og herifrå 1,5 km veg mot Aa-støylen.

Fibenett til alle husstandar.

Det må førast straum til støylar og hyttefelt.

Brannsikringstiltak med hydrantar må på plass før anleggstart i Austredalen.

Utbyggjar må avklare bruk og kompensasjon for vegen til Gjengedalstøylen med grunneigarane i Gjengedalen før utbygginga startar. Vegen må rustast opp for å tåle anleggstrafikk, den må også setjast ordenteleg i stand etter anleggsperioden er over. Utbyggjaren overtek vedlikehaldet av vegen.

Alle førebels vegar planleggast i samråd med grunneigar slik at dei kan rustast opp etter utbygginga og nyttast for framtida dersom grunneigar ynskjer det.

Utbyggjaren må ha eit betydeleg erstatningsansvar for det som eventuelt går tapt i vassdraget, påverknaden av fiske, vassforsyning med meir. For å sikre laksebestanden må SFE drifta eit klekkeri i Ommadal for å sikre årgangane av fisk i elva.

Utbyggjar må også kultivere Storevatnet og Dalevatnet.

Dette skrivet er sendt rundt til gjennomlesning for grunneigarane på gnr/bnr 19/1, 2, 3, 4, 5, 6, 9 og 11.

Bruksnr. 4 vil sende inn eiga tilbakemelding og er såleis ikkje med på denne tilbakemelding.

Bruksnummer 9 har ikkje give noko tilbakemelding og er difor heller ikkje med på dette skriv.

Alle tilbakemeldingar er munnlege pr. telefon, slik at underteikna ikkje kan gå god for at alle vil stå ved tilbakemeldinga i ettertid. NVE må difor få dette verifisert hjå kvar enkelt.

Fylgjande er ikkje med i skrivet som er sendt rundt til grunneigarane: «.Utbyggjar må avklare bruk og kompensasjon for vegen til Gjengedalstøylen med grunneigarane i Gjengedalen før utbygginga startar.» Dette er ikkje klarert med kvar enkelt.

Leikanger 06.06.2014

Knut Andreas Gjengedal